

Strategisk Næringsplan for Årdal kommune 2025–2028

(lett rullering)

1. Innleiing

Bakgrunn

Å lykkast med næringsutvikling og samfunnsutvikling i Årdal kommune som står ovanfor grøn omstilling i industrien, fødselsunderskot, aldrande befolkning, og eit rekrutterings- og kompetanse behov, krev ein strategisk tilnærming og en heilheitleg plan.

Årdal Utvikling og Årdal kommune styrer næringsutviklingsarbeidet gjennom ein strategisk næringsplan (SNP) og tilhøyrande handlingsplanar. Gjeldande strategisk næringsplan er ikkje rullert sidan 2020, mykje grunna covid-pandemi og bygging og etablering av Årdal Teknologipark dei siste åra, medan handlingsplanar for kvart år (2021 til 2024) er utarbeida og gjennomført.

For å halde fokus på det vidare strategiske arbeidet, og justere satsingsområda for tida framover, vert det lagt fram ein lett rullering av strategisk næringsplan. Grunnelementa i planverket vert vidareført, men dei strategiske satsingsområda vert endra for å tilpassa utviklinga i handlingsplanane, samfunnsutviklinga og tilbakemeldingar frå næringsliv.

Strategisk Næringsplan – lett rullering

Bevegelse frå tradisjonell arealkrevjande industri til næringar med kunnskap som viktigaste produksjons faktor, held fram med aukande styrke. Årdal må fortsatt dra nytte av vår industri historie og dei FoU-miljøa som er etablert i kommunen, og satse på kompetanseaukande tiltak i næringslivet og i lokalsamfunnet generelt. Satsing på kompetanse-utvikling vil gi grunnlag for nye spennande bedriftsetableringar som sikrar mangfald innan næringslivet i Årdal.

Dette er og bakgrunnen for at Årdal og Årdal Teknologipark har fått status som grøn HUB i Vestland Fylkeskommune si satsing, Grøn Region Vestland.

Dei fleste bedriftene i Årdal hevdar at kompetansen er heilt fundamental i verksemda si framtidige konkurranseevne. Ein kompetansestrategi som skapar konkurranseføretrinn startar ofte med å utvikle ein ide om korleis ein vil tiltrekke, motivere og utvikle medarbeidarane. Utfordringa for dei fleste bedriftene er ofte å få definert klare kompetansemål og ikkje minst strategiar for korleis ein har tenkt å gjennomføre dette.

Utfordringane synest å vere størst for dei minste bedriftene, og fokus på kor viktig dette er, varierer også mellom dei ulike bransjane. Å få bedriftene våre til å definere ei kompetansekjede der ein set fokus på å etablere gode kontinuerlege kompetanseprosessar, vil vere ein kritisk aktivitet for å sikre næringslivet si utviklingsevne i Årdal.

Strategisk næringsplan er eit styringsverktøy for Årdal kommune i arbeidet med å sikre ein berekraftig og framtidsretta utvikling av lokalsamfunnet. Årdal har vore ein sentral industrikommune på Vestlandet, men står no ovanfor utfordringar knytt til ein einsidig prosessindustri profil, utfordrande tider for service og varehandel, folketalsnedgang og krav om omstilling.

Planen tek sikte på å auke talet på arbeidsplassar, skape eit meir mangfaldig næringsliv og sikre at kommunen framstår som ein attraktiv stad for både innbyggjarar og næringsliv.

Årdal Utvikling skal vere ein aktiv tilretteleggar for næringslivet, samstundes som selskapet arbeider tett opp mot faktorar som bidreg til samfunnsattraktivitet, inkludert bustad-, besøks- og omdømmearbeid. Tilflyttarkontoret spelar ei nøkkelrolle i å styrke koplinga mellom næringsliv og samfunn, med fokus på rekruttering, kompetanse, bustadattraktivitet og ivaretaking av tilflyttarar.

Strategisk Næringsplan 2025 – 2028 legg til rette for å:

- Fremje mangfald i næringslivet gjennom nyetableringar og knoppskyting.
- Skape synergjar mellom eksisterande prosessindustri og nye næringar innan bioøkonomi, grøn energi og teknologi.
- Styrke kompetansen i arbeidslivet og tilpasse framtidig kompetansebehov
- Samarbeid med utdanningsinstitusjonar og styrking av Årdal vidaregåande skule
- Styrke og ivareta eksisterande næringsliv (industri, service og varehandel, reiseliv)
- Auke attraktiviteten både som industri- og bustadkommune.

Denne planen byggjer på tidlegare planverk, men er tilpassa dei moglegheitene og utfordringane som Årdal står ovanfor fram mot 2028. Grunnlaget for Årdal kommune sin strategi er ei vidareføring av vedtekne planverk som er etablert gjennom;

- Strategisk Næringsplan 2017 – 2020
- Årdal kommune kompetansestrategi – Årdal Teknologipark (2020)
- Kommunedel samfunnsplan Årdal kommune, «Årdal – teknologi og miljø inn i framtida 2022 – 2030»
- Årdal kommune handlingsplan 2024

2. Organisering av planarbeidet

Årdal Utvikling har hovudansvaret for gjennomføringa av denne planen. Arbeidet blir forankra i eit kontinuerlig samarbeid mellom næringsliv, kommuneadministrasjon og lokalsamfunn.

Strategiske planar

Årdal kommune vedtek ein kommuneplan som har ein samfunnsdel og ein arealdel. Denne planen er overordna alle andre planar i kommunen. Her vert dei overordna måla sett, som alle skal jobba mot. Strategisk Næringsplan (SNP) er ein 4-årig kommunedelplan som skal konkretisere dei meir overordna måla som er sett i kommuneplanen.

I tillegg vedtek ein saman med SNP ein handlingsplan for komande år. Handlingsplanen bryt måla ned i konkrete prosjekt og aktivitetar. Kommunen har engasjert Årdal Utvikling til å gjennomføre SNP med handlingsplan delen. Det er likevel viktig å presisere at det er kommunestyret sin plan, og det er dei som vedtek kva område ein skal jobbe med. I arbeidet med SNP må Årdal

Utvikling (ÅU) arbeide tett saman med kommuneorganisasjonen og næringslivet både lokalt, regionalt og nasjonalt. I tillegg må ÅU ha tett samarbeid med regionale og statlege verkemiddelaktørar som SIVA, Innovasjon Norge og Vestland fylkeskommune.


Årdal Utvikling sin strategi

Strategisk har Årdal Utvikling fokus på kor attraktive vi er som bustadkommune, besøkskommune og bedriftskommune. Klarer Årdal å få til ei positiv utvikling knytt til desse sentrale utviklingsområda, vil kommunen totalt sett få ei positiv samfunnsutvikling. Strategiane som vi arbeider etter i SNP, legg opp til å utvikle desse tre sentrale områda for kommunen. Strategiarbeid vert organisert i prosjekt med klare resultatmål.

Utvikling i samfunnet - resultat av fleire faktorar for attraktivitet:

Kva utviklingstrekk og trendar ser ein
Kva utfordringar står ein over
kva styrkar og moglegheiter ligg der

Grunnlag for strategiske val og planer



I ein stram arbeidsmarknad er ikkje arbeidsplassar nok.

- Krev eit samspel mellom bedrift, bustad og besøks-attraktivitet
- Krev samspel mellom strategisk næringsplan og kommunale handlingsplanar

Servicefunksjon

I tillegg til dette strategiske utviklingsarbeidet, så har også ÅU ein servicefunksjon mot næringslivet. Alt praktisk arbeid og rådgjeving med registrering av selskap, søknader om finansiering og hjelp til utarbeiding av forretningsplanar m.m. vert tilbydd hjå ÅU.


I tillegg arbeider ÅU mykje med bedrifter som har kome i vanskar, dette kan vere økonomiske utfordringar, konflikhtar mellom eigarar, problem med leverandørar og ikkje minst hjelpe bedriftene med å utvikle seg. Årdal Utvikling kan og utarbeide rapportar om større tema (samferdsle, skule, helse) som vert nytta i det politiske arbeidet kommunen gjer, for å ta vare på Årdal sine interesser

Tilflyttarkontor

Tilflyttarkontoret blir ein sentral del av Årdal Utvikling si verksemd og vil arbeide i grenseflata mellom næringsutvikling og samfunnsutvikling. Tilflyttarkontoret skal sette søkelys på Årdal kommune sitt arbeid med omdømebygging og gjere arbeidet med bulyst og blilyst i Årdal godt kjent. Funksjonen vil tilby:

- Rådgjeving og hjelp til næringslivet i rekruttering av arbeidskompetanse frå aktuelle målgrupper.
- Koordinering mellom tilflyttarar og kommunale tenester som barnehage, skular og helse.
- Tilflyttarkontoret skal ha fokus på å bygge nettverk og samarbeid mellom kommunen, lokale og frivillige organisasjonar, næringslivet, skular, Årdal Utvikling og regionale organisasjonar med fokus på korleis ein saman kan skape vekst og trivsel i Årdal

Organisering og eigarskap



Organiseringa av Årdal Utvikling og vår etablering av verksemdene i Årdal Teknologipark, er bygd opp utifrå gjeldande planar og strategi. Årdal Utvikling ser stor nytte av å bruke eigarskapet og det strategiske partnerskapet med Sogn Kompetanse, SITEP og Visit Årdal som gode verktøy i gjennomføring av satsingsområda i den strategiske næringsplanen.

Årdal Utvikling har i arbeidet med strategisk næringsplan og som HUB i Grøn Region Vestland sett behov for å utvikle Årdal Teknologipark vidare, då ein manglar ein aktør for å utvikle areal for td. industrietableringar. Derfor er det pågåande arbeidet kring å etablere ein større industripark utifrå Årdal Teknologipark sentralt framover. Ein større industripark kan bidra til vekst og utvikling av Årdal, og ein meir variert og robust næringsstruktur. Industriparken skal primært tilrettelegge for industri- og teknologi-bedrifter.

Forankring:

Planen blir forankra politisk gjennom handsaming i formannskap og kommunestyre, og i næringslivet gjennom samarbeid med lokale bedrifter og organisasjonar.

3. Visjon og hovudmål

Visjon:

«Teknologibygd»

«Årdal – eit berekraftig lokalsamfunn med robust næringsliv og attraktiv bu-lyst, der innovasjon og tradisjon går hand i hand.»

Hovudmål:


1. Stabilisere og auke talet på arbeidsplassar gjennom eit meir mangfaldig næringsliv.
2. Styrke Årdal som ein attraktiv bustad- og næringskommune.
3. Fremje bærekraft og innovasjon som grunnlag for utvikling og grøn omstilling
4. Sikre gode moglegheitar for vekst og utvikling av eksisterande næringsliv (industri, service- og varehandel og reiseliv)
5. Teknologi og miljø skal ha hovedfokus i heile lokalsamfunnet

4. Analyser av utviklingstrekk

Demografiske utfordringar

Årdal har stabilisert folketalet dei siste tre åra, men SSB sine prognosar viser ein risiko for framtidig nedgang. Kommunen må jobbe aktivt for å trekkje til seg unge og kompetente innbyggjarar. Tilflytting er nødvendig for å sikre framtidig arbeidskapasitet og oppretthalde folketalet.

Ein utfordring for Årdal kommune er at ein samanlikna med befolkninga i landet har ein høg del av befolkninga som er over 50 og ein tilsvarende låg del av befolkninga som er under 50. Dette betyr at det blir utfordrande å erstatta alle som i åra som kjem vil gå av med pensjon og at ein vil få færre fødde enn landsgjennomsnittet. Det vil hjelpe om arbeidarar står lengre i jobb, samstundes som kommunen held fram arbeidet med å gjera kommunen attraktiv å bu i særleg for kvinner i fødedyktig alder. I figuren kan ein sjå fordelinga på alder og kjønn i Årdal, der skuggen syner fordelinga i landet (Regionalanalyse/Telemarkforskning).




Syssetsetting

På slutten av 2023 var det 1733 arbeidsplassar i næringslivet i Årdal, medan det var 717 arbeidsplassar i offentlig sektor. Det var ein nedgang i arbeidsplassar i næringslivet, medan det var ein oppgang i arbeidsplassar i offentlig sektor.

Figuren (Regional analyse/Telemarkforskning) syner tal arbeidsplassar fordelt på privat og offentlig sektor fram til 2021 og utviklinga i scenarioet med nøytral attraktivitet fram til 2050.


Dette scenarioet syner ein nedgang i tal arbeidsplassar, men i scenarioet med høg attraktivitet vil kommunen få ei vekst i tal arbeidsplassar.



Næringsstruktur:

Industrien utgjør framleis grunnpilaren i næringslivet i kommunen, med Hydro Aluminium som sentral aktør og viktig hjørnesteinsbedrift. Samtidig er det moglegheiter for å bygge vidare på prosessindustrien gjennom grøn teknologi og bio-industri. Dette gjev kommunen ein muligheit til å utvikle fleire næringar, inkludert bio-industri, grøn teknologi og reiseliv.

Ved å følgje utvikling i omsetnad for dei 50 største bedriftene i Årdal som har tilgjengelege data i Brønnøysund-registerna kan ein sjå utviklingstrendar. Ein får ikkje data frå dei store industriverksemdene, samt dei nasjonale handelskjedene. Vi kan likevel sjå nokre utviklingstrekk.



I figuren kan ein sjå at del bedrifter med positivt resultat og del bedrifter med resultatgrad over 5% gjekk noko tilbake i 2022. Dette er å forventa etter ein periode med etterverknadar frå Covid-19, geopolitisk uro og høg prisstigning. Likevel er situasjonen stabil og Årdal har mange solide bedrifter som bør ha god utviklingsevne i åra som kjem.

Næringslivet er prega av at industri og kommune utgjør ca 73% av næringsstrukturen, der 90% av sysselsettinga innan off. sektor er kommunen sjølv. Kommunen opplever auke i utpendling, for første gang på 20 år.

Dette inneber at Årdal kommune er sårbar i samband med fråflytting, konjunkturarbeidsplassar og få offentlege arbeidsplassar utover dei kommunale.

Situasjonen kring NorSun og den krevande utviklinga innan solcelle marknaden internasjonalt, har påverka Årdal negativt både mht attraktivitet og innpendling.


Eksport og verdiskaping

Årdal er den mest eksportintensive kommunen i Norge, og bidreg til at Vestland fylke er Norges største eksportfylke. Dette gjev Årdal ein viktig rolle i regionen der me bidreg betydeleg med verdiskaping og er sentral for den samfunnsøkonomiske utviklinga i denne delen av fylket. Det er ein sterk samanheng mellom eksport og befolkningsvekst i distriktskommunar, noko som gjev kommunen eit godt utgangspunkt i å oppretthalde busetnaden sin.


REGION SOGN

VERDISKAPING PRIVAT SEKTOR OG OFFENTLEGE FØRETAK I DEI ULIKE KOMMUNANE

Årdal er den kommunen med høgast verdiskaping 36% av total verdiskaping i 2022 i Sogn. Det har vore spesielt god lønnsemd i industri og energi i dei ulike kommunane i 2022. Sogndal har størst andel av lønnskostnader som del av verdiskaping basert på flest antall tilsette



ANDEL AV VERDISKAPING 2022
SOGN - PR KOMMUNE



7

Kilde: Brønnøysund, Enhetsregisteret, Aksjonærregisteret, analyser av BDO

Makrotrender:

- Fokus på rammevilkår som krafttilgang og forutsigbarheit for prosessindustri
- Overgang til sirkulærøkonomi og auka fokus på miljøvenlege løysingar og grøn omstilling.
- Teknologiske endringar som krev ny og høgare kompetanse.
- Mindre tilgang på folk krev fokus på reskilling, kompetanse og teknologi
- Etterspurnad etter opplevingsturisme og naturbaserte reiselivstilbod.

Attraktivitet:

Faktorar som arbeids- og bustadattraktivitet, reiseliv og eit godt omdøme spelar ei avgjerande rolle i å trekke nye innbyggjarar og verksemdar til Årdal.

5. Prioriterte satsingsområde

Gjeldande strategisk næringsplan inneholdt fem satsingsområder; Lønnsame arbeidsplassar, Helse, Kompetanse, Eit samfunn og Reiseliv.

Desse vert no endra til fire hovedområder som høver bedre saman med dagens lokale, regionale og nasjonale samfunnsutvikling:



Sjølv om ein no skal fokusere på desse fire prioriterte satsingsområda, er det likevel viktig å sjå på tvers av områda og finne samhandling og positive effektar.

5.1 Bærekraftige arbeidsplassar

Årdal kommune skal utvikle eit bærekraftig næringsliv med fokus på tenkologi, sirkulærøkonomi, klima- og miljøvennlig omstilling.

Delstrategi:

- Realisere industripark som eit sentralt næringsutviklings verktøy. Ein større industripark kan bidra til vekst og utvikling av Årdal, og ein meir variert og robust næringsstruktur gjennom tilgang til infrastruktur og næringsareal
- Legge til rette for etablering av algefabrikk og utvikling av tilhøyrande bio-industrielle næringar. Fokus på å etablere eit pilotiserings-senter innan bio-industri, med bakgrunn i erfaringane og kompetansen i Årdal Teknologipark
- Støtte forskings- og utviklingsprosjekt innan grøn industri og bioøkonomi, og fortsette samarbeidet med Grøn Region Vestland (VFLK) og utvikle grøn industri HUB Årdal Teknologipark.
- Etablere eit industrisymbiose fellesskap (Grøn HUB) og utvikle eit grønt sertifiseringsprogram. Lokale verksemdar som oppfyller miljøkrav aukar konkurransekraft

- Støtte nyetableringar og knoppskyting innan grøn teknologi og prosessindustri.

5.2 Kompetanse og innovasjon

Årdal kommune skal styrka utviklingsevna i næringslivet og kommunen gjennom økt samarbeid, innovasjon og kompetanseutvikling

Delstrategi:

- Styrke grunnlaget for innovasjon, investeringar og vekst ved å samarbeide tett med kunnskapsmiljø, klynger og i nettverk av lokale bedrifter, om utvikling og posisjonering av Årdal som ein aktør i kunnskap- og teknologimiljøet i Sogneregionen.
- Vidareutvikle kompetansestrategien gjennom Årdal Teknologipark og Sogn Kompetanse, i tett samarbeid med Sogn Opplæringskontor
- Etablere eit kompetansesenter for grøn teknologi og bio-industri.
- Styrke samarbeid med vidaregåande skule og høgare utdanningsinstitusjonar gjennom SITEP og Sogn Kompetanse
- Tilby vidareutdanning og etterutdanning innan grøn teknologi og bio-industri for å heve kompetansen til dei som allereie er i arbeidslivet

5.3 Robust næringsliv

Årdal kommune skal være en næringsaktiv kommune med gode rammevilkår for ulike næringer, innovasjon, nyetablering og omstilling

Delstrategi:

- Bidra til eit godt transporttilbud og god tilgjengelighet som knyt bu- og arbeidsmarknaden tettare sammen. Det skal være enkelt, miljøvennlig og effektivt å komme seg til og fra Årdal og internt i kommunen. Det må arbeidast med fremtidsretta løysningar for logistikk og varetransport.
- Bidra til at næringslivet har nødvendig tilgang til energi og infrastruktur som veg, vatn, elektrisk kraft og digital infrastruktur.
- Følge opp nasjonale og regionale næringspolitiske interesser, lovverk og rammebetingelsar
- Leggje til rette for knoppskyting, utvikling og utnytting av ressursane i eksisterande næringsliv
- Støtte næringslivet med tilrettelegging for rekruttering via tilflyttarkontoret, inkludert tilflyttarpakkar med bustad- og kommune informasjon.

5.4 Reiseliv og besøksnæring

Målet er å utvikle Årdal som en attraktiv kommune å besøke, drive næring i og bu i.

Delstrategi:

- Arbeide strategisk og kunnskapsbasert i samarbeid mellom kommune, næringsliv, grunneigarar og utbyggjarar for en aktiv og god bustadutvikling.
- Bruke tilflyttarkontoret som knutepunkt, sikre koordinering mellom næringsliv, tilflyttarar og kommunale tenester.
- Styrke besøks- og kulturnæringen som ein drivkraft for stadsutviklinga gjennom auka samhandling og felles mål.
- Satse på reiseliv som utviklingsnæring
- Legge til rette for Årdal som ein heilårs destinasjon innan opplevings- og kulturturisme

På tvers av desse satsingsområda og delstrategiane er det sentralt å halde fokus på regionalt samarbeid, gjennom å styrke samarbeidet med nabo kommunar og fylkeskommune for å utvikle felles nærings- og reiselivsprosjekt.

Målsetnaden er å gjere Årdal kommune til ein føregangsmodell for samspel mellom næringsutvikling og samfunnsutvikling dei neste åra.

Oppfølging:

Gjennom årlege statusmøter mellom kommunen, næringslivsaktørar og Årdal Utvikling, sikrar ein god framdrift og måloppnåing. Denne planen legg til rette for ein robust og bærekraftig framtid for Årdal kommune. Ved å balansere tradisjon og innovasjon, kan kommunen bli ein føregangsmodell for grøn omstilling i ein einsidig industrikommune.